

# UNDERSØKING OM MÅLBRUKEN I NYNORSKKOMMUNAR – RAPPORT

Språkrådet  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar  
Nynorsk kultursentrum

17. mars 2011

*Undersøking om målbruken i nynorskkommunar* er eit samarbeid mellom Språkrådet, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Nynorsk kultursentrum. Føremålet med undersøkinga er å kartleggje dei språklege behova til kommunar der nynorsk er eit sentralt bruksspråk. Undersøkinga vart gjennomført mellom 3. desember 2010 og 10. februar 2011. Av dei 431 kommunane i Noreg har 114 nynorsk som målvedtak (etter dette kalla *nynorskkommunar*), 160 har bokmål, og 157 er språknøytrale. (Me vil forklare nærare kva som ligg i *målvedtak* seinare i rapporten.) I undersøkinga har me spurt alle nynorskkommunane og i tillegg 11 nøytrale kommunar. Dei sistnemnde er alle kommunar der nynorsk er utbreidd og bruka blant innbyggjarane, særleg som skulemål.

Dataa vart samla inn gjennom ei spørjeundersøking i det elektroniske verktøyet QuestBack.

## SPØRSMÅLA I UNDERSØKINGA

Dei totalt 27 spørsmåla i undersøkinga kan delast inn i kategoriar etter innhald:

- 6 spørsmål om målform i skriv frå staten:
  - Om lag kor ofte får de skriv frå statsorgan på nynorsk?
  - Kor ofte får kommunen e-post frå statsorgan i den målforma som er vedteken?
  - Kva er hovudinstrykket: Er det lokale, regionale eller sentrale statsorgan som oftast skriv til kommunen på nynorsk?
  - Har kommunen nokon gong klaga på at skriv frå statsorgan ikkje kjem i den målforma som er vedteken?
  - Kven har kommunen klaga til?
  
- 11 spørsmål om administrasjonsspråket i kommunen og korleis dette vert praktisert:
  - Kva år vart det siste målvedtaket i kommunen gjort?
  - Har administrasjonen eller t.d. ein kommunestyremedlem gjort framlegg om å endre målvedtaket dei siste ti åra (etter 2000)?
  - Har kommunen gjort særskilt vedtak om administrasjonsmål?
  - Har kommunen særskilt vedteke at delar av administrasjonen eller kommunalt tilsette ikkje er bundne av vedtaket om å bruke nynorsk som administrasjonsmål?
  - Kva grupper gjeld dette for?
  - Frå kva år er siste vedtaket om administrasjonsmål i kommunen?
  - Kva målform brukar kommunalt tilsette i svarbrev til privatpersonar?
  - Kva målform får vaksne innvandrarak opplæring i?
  - Kva målform er bruka på nettstaden til kommunen?

- Kva målform er det mest av på nettstaden?
- Set kommunen språkkrav i utlysingar?
  
- 6 spørsmål om eventuelle tiltak for å styrkje språkkunnskapen og språkmedvitet hjå egne tilsette, elevar og barnehageungar:
  - Er språkpolitiske tiltak ein del av planverket i kommunen?
  - Kva tiltak er dette?
  - Har kommunen dei siste fem åra sendt tilsette på skrivekurs?
  - Blir det drive språkstimulering i barnehagane i samsvar med det som er opplæringsmål i skulekrinsane?
  - Kva slags språkstimulering?
  - Har kommunen søkt skjønnsmidlar hjå Fylkesmannen?
  
- 4 spørsmål om interkommunale og kommunale føretak:
  - Kor mange interkommunale selskap (IKS) er kommunen medlem i?
  - Kva målform brukar IKS-føretak som kommunen er med i?
  - Kor mange IKS-føretak har kommunen skipa?
  - Brukar kommunale selskap og føretak same målforma som kommunen?

På somme av spørsmåla kunne kommunane krysse av for fleire svaralternativ.

## OM RAPPORTEN

### Svarprosent

83 av kommunane svara på heile eller delar av undersøkinga, og den totale svarprosenten er dermed 72 %. På ein del av spørsmåla er svarprosenten lågare.

### Utvala i rapporten

I denne rapporten vil me leggje fram resultatata frå undersøkinga. Dei fleste vil me presentere i tal, medan nokre vil ha søylediagram i tillegg.

Framstillinga vil bestå av to utval – eitt for *alle kommunar* og eitt for *kommunar som svarar at dei har nynorsk som målvedtak*. Årsaka er todelt. Nokre av spørsmåla er mest aktuelle for nynorskkommunane, medan det i andre tilfelle er særleg interessant å sjå resultatata for berre desse.

Språkrådet vil opplyse om at desse tala gjev eit noko unøyaktig bilete. 13 av kommunane som har svara at dei er språkleg nøytrale, er kommunar som i røynda har nynorsk som målvedtak (etter gjeldande forskrift om målvedtak frå Kulturdepartementet). Det verkar kan hende litt unødvendig å stille dette spørsmålet når me allereie har informasjonen tilgjengeleg. Men Språkrådet meiner det er eit interessant poeng i seg sjølv at ein del av (dei tilsette i) kommunane ikkje er klar over at nynorsk er gjeldande målvedtak, eller over kva eit målvedtak inneber.

Nokre av spørsmåla er utan alternativ, og dei opnar såleis for mange ulike svar som ikkje gjev eit samla inntrykk. I tillegg er det på mange av spørsmåla høve til å leggje inn kommentar. Kommentarfelta inneheld for det meste òg spreidde kommentarar som det er vanskeleg konkludere noko ut frå på kort tid. I desse tilfella har me difor berre teke ut frå døme frå tilbakemeldingane.

## **SPØRSMÅLSKATEGORI 1 – OM MÅLVEDTAK**

I § 5 i *lov om målbruk i offentleg teneste* står det: "Eit kommunestyre kan gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral". Dette blir kalla *målvedtak*. Språkrådet ser, som tidlegare nemnt, at det i ein del tilfelle ikkje er samsvar mellom den informasjonen kommunane har gjeve i undersøkinga, og dei faktiske målvedtaka i dei einskilde kommunane.

**SPØRSMÅL 1:** *Kva målvedtak har kommunen?*

74 % - *kommunen krev nynorsk i skriv frå statsorgan*

27 % - *kommunen er språkleg nøytral*

**SPØRSMÅL 2:** *Om lag kor ofte får de skriv frå statsorgan på nynorsk?*

**Alle kommunar i undersøkinga**

40 % - *aldri eller sjeldan*

45 % - *ofte*

16 % - *veit ikkje*

**Nynorskkommunar**


44 % - *aldri eller sjeldan*

44 % - *ofte*

12 % - *veit ikkje*

## **Om lag kor ofte får de skriv frå statsorgan på nynorsk?**

### **Svar frå kommunar med nynorsk som målvedtak.**



**SPØRSMÅL 3:** Kor ofte får kommunen e-postar frå statsorgan i den målforma som er vedteken?

#### **Alle kommunar i undersøkinga**

55 % - aldri eller sjeldan

24 % - ofte

1 % - alltid

16 % - veit ikkje

4 % - eventuell kommentar

#### **Nynorskkommunar**

62 % - aldri eller sjeldan

23 % - ofte

15 % - veit ikkje

**SPØRSMÅL 4** (sjå søylediagram under): Kva er hovudinstrykket: Er det lokale, regionale eller sentrale statsorgan som oftast skriv til kommunen på nynorsk? (Fleire svaralternativ mogleg.)

#### **Alle kommunar i undersøkinga**

54 % - lokale statsorgan

53 % - regionale statsorgan

10 % - sentrale statsorgan

8 % - veit ikkje

10 % - eventuelle kommentarar



**SPØRSMÅL 5:** Har kommunen nokon gong klaga på at skriv frå statsorgan ikkje kjem i den målforma som er vedteken?

**Alle kommunar i undersøkinga**

13 % - ja

87 % - nei

3 % - kommunen har ikkje visst om klageretten

**SPØRSMÅL 6:** Kven har kommunen klaga til? (Fleire alternativ mogleg.)

**Alle kommunar i undersøkinga**

100 % - til statsorganet

10 % - til andre (t.d. LNK, Nynorsk kultursentrum eller Noregs Mållag)

0 % - til Språkrådet

## **SPØRSMÅLSKATEGORI 2 – OM ADMINISTRASJONSMÅL**

Det treng ikkje vere samsvar mellom *målvedtak* og *administrasjonsspråk* i ein kommune, sjølv om det som regel er det. Gjennom desse spørsmåla er me ute etter å få informasjon om ulike sider ved den praktiske målbruken i kommunen, særleg hjå tilsette.

**SPØRSMÅL 1:** *Kva år vart det siste målvedtaket i kommunen gjort?*

*Ulike svar*

**SPØRSMÅL 2:** *Har administrasjonen eller t.d. ein kommunestyremedlem gjort framlegg om å endre målvedtaket dei siste ti åra (etter 2000)?*

### **Alle kommunar i undersøkinga**

90 % - *nei*

5 % - *ja, til nøytral*

1 % - *ja, til bokmål*

0 % - *ja, til nynorsk*

4 % - *veit ikkje*

### **Nynorskkommunar**

93 % - *nei*

5 % - *ja, til nøytral*

2 % - *veit ikkje*

**SPØRSMÅL 3:** *Har kommunen gjort særskilt vedtak om administrasjonsmål?*

### **Alle kommunar i undersøkinga**

21 % - *vedtaket etter § 5 i mållova gjeld òg for administrasjonsmålet*

63 % - *kommunen har vedteke at administrasjonen skal bruke nynorsk*

11 % - *kommunen har vedteke at administrasjonen kan velje*

6 % - kommunen har ikkje vedtak om administrasjonsmål

#### **Nynorskkommunar**

26 % - vedtaket etter § 5 i mållova gjeld òg for administrasjonsmålet

67 % - kommunen har vedteke at administrasjonen skal bruke nynorsk

3 % - kommunen har vedteke at administrasjonen kan velje

4 % - kommunen har ikkje vedtak om administrasjonsmål

**SPØRSMÅL 4:** Har kommunen særskilt vedteke at delar av administrasjonen eller kommunalt tilsette ikkje er bundne av vedtaket om å bruke nynorsk som administrasjonsmål?

#### **Alle kommunar i undersøkinga**

0 % - ja

91 % - nei

11 % - det finst ikkje noko vedtak, men ein viss praksis for at somme yrkesgrupper brukar bokmål

**SPØRSMÅL 5:** Kva grupper gjeld dette for?

*Ulike svar*

**SPØRSMÅL 6:** Frå kva år er siste vedtaket om administrasjonsmål i kommunen?

*Ulike svar*

**SPØRSMÅL 7:** Kva målform brukar kommunalt tilsette i svarbrev til privatpersonar?

#### **Alle kommunar i undersøkinga**

72 % - kommunen brukar nynorsk i alle brev til privatpersonar

21 % - kommunen svarar i målforma til innskrivaren

8 % - kommunen svarar i målforma til saksbehandlaren

#### **Nynorskkommunar**

84 % - kommunen brukar nynorsk i alle brev til privatpersonar

13 % - kommunen svarar i målforma til innskrivaren

5 % - kommunen svarar i målforma til saksbehandlaren

**SPØRSMÅL 8:** Kva målform får vaksne innvandrarak opplæring i?

**Alle kommunar i undersøkinga**

35 % - nynorsk

42 % - bokmål

23 % - varierende

**Nynorskkommunar**

39 % nynorsk

41 % - bokmål

20 % - varierende

**SPØRSMÅL 9:** Kva målform er bruka på nettstaden til kommunen?

**Alle kommunar i undersøkinga**

82 % - nynorsk

0 % - bokmål

18 % - både nynorsk og bokmål

**Nynorskkommunar**

92 % - nynorsk

0 % - bokmål

8 % - både nynorsk og bokmål

**SPØRSMÅL 10:** Kva målform er det mest av på nettstaden til kommunen?

Merknad: Det er i hovudsak kommunane som har svara at bae målformer finst på nettstaden, som har svara her.

**Alle kommunar i undersøkinga**



36 % - nynorsk

43 % - bokmål

21 % - eventuell kommentar

**SPØRSMÅL 11:** *Set kommunen språkkrav i utlysingar? (Fleire alternativ mogleg.)*

**Alle kommunar i undersøkinga**

39 % - nei

59 % - ja, det blir opplyst om kva som er administrasjonsspråket i kommunen

15 % - ja, det blir opplyst om opplæringsmålform når ein søker etter pedagogisk personale

8 % - andre krav

**Nynorskkommunar**

31 % - nei

67 % - ja, det blir opplyst om kva som er administrasjonsspråket i kommunen

13 % - ja, det blir opplyst om opplæringsmålform når ein søker etter pedagogisk personale

10 % - andre krav

### **SPØRSMÅLSKATEGORI 3 – OM SPRÅKLEGE TILTAK I KOMMUNEN**

Språklege tiltak er ordningar som skal fremje kunnskap og medvit om språk.

**SPØRSMÅL 1:** *Er språkpolitiske tiltak ein del av planverket i kommunen?*

**Alle kommunar i undersøkinga**

19 % - ja

81 % - nei

**Nynorskkommunar**

23 % - ja

77 % - nei

**SPØRSMÅL 2:** *Kva tiltak er dette?*

*Ulike svar, men døme på svar frå kommunane er tilskiping av kurs og eigen målbruksplan.*

**SPØRSMÅL 3:** *Har kommunen dei siste fem åra sendt tilsette på skrivekurs?*

**Alle kommunar i undersøkinga**

25 % - ja, nynorskkurs

4 % - klarspråkkurs

69 % - ingen av delane

2 % - begge delane

**SPØRSMÅL 4:** *Blir det drive språkstimulering i barnehagane i samsvar med det som er opplæringsmål i skulekrinsane?*

**Alle kommunar i undersøkinga**

55 % - ja

11 % - nei

34 % - *veit ikkje*

### **Nynorskkommunar**

57 % - *ja*

8 % - *nei*

34 % - *veit ikkje*

### **SPØRSMÅL 5: Kva slag språkstimulering?**

*Ulike svar, men døme på tiltak er innkjøp av nynorsk barnelitteratur og prosjekt med vekt på språk og dialekt.*

### **SPØRSMÅL 6: Har kommunen søkt om skjønnsmidlar hjå Fylkesmannen?**

*Kommentar: Skjønnsmidlar blir mellom anna gjevne til kommunar som har ekstraavgifter ved parallellklassar i bokmål og nynorsk i skulen. Ein hake ved å stille spørsmålet så generelt er at skjønnsmidlar òg blir utdelte til mange andre føremål som ikkje har noko med språk å gjere.*

### **Alle kommunar i undersøkinga**

15 % - *ja*

66 % - *nei, det er ikkje aktuelt*

16 % - *nei, men det kan bli aktuelt*

6 % - *kommunen kjenner ikkje til ordninga*

#### **SPØRSMÅLSKATEGORI 4 – INTERKOMMUNALE OG KOMMUNALE FØRETAK**

Døme på vanlege interkommunale og kommunale føretak er kraftlag og museum. Slike føretak er ikkje nødvendigvis bundne av målvedtaket i kommunane som eig dei.

**SPØRSMÅL 1:** *Brukar kommunale selskap og føretak same målforma som kommunen?*

##### **Alle kommunar i undersøkinga**

82 % - *ja*

19 % - *nei*

##### **Nynorskkommunar**

82 % - *ja*

18 % - *nei*

**SPØRSMÅL 2:** *Kor mange interkommunale selskap (IKS) er kommunen med i?*

*Ulike svar*

**SPØRSMÅL 3:** *Kor mange IKS-føretak har kommunen skipa?*

*Ulike svar*

**SPØRSMÅL 4:** *Kva målform brukar IKS-føretak som kommunen er med i?*

##### **Alle kommunar i undersøkinga**

49 % - *nynorsk*

15 % - *bokmål*

29 % - *begge*

12 % - *eventuell kommentar*

##### **Nynorskkommunar**

54 % - *nynorsk*

13 % - bokmål

28 % - begge

12 % - eventuell kommentar